

St.prp. nr. 11

(2000-2001)

Om endringar i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2000

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet av 10. november 2000,
godkjend i statsråd same dagen.*

1 Formål og hovudoversikt

1.1 Formål

Forsvarsdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om visse endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2000. Formålet er å skape samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapittel og postar og dei endringane i budsjettføresetnader som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2000 vart utarbeidd.

Saker Stortinget bør informerast særskilt om vert omtala under del I Formål og hovudoversikt og bak under del III Spesielle saker. Endringane på kapittel/post kjem fram under vedtaksdelen i denne proposisjonen.

1.2 Forhold som endrar ramma for 2000-budsjettet

1.2.1 Nedtrekk grunna meirforbruk i 1999

Avslutninga av rekneskapen for 1999 synte eit meirforbruk under;

- kap 1710, post 01 på 2,391 mill. kroner,
- kap 1719, post 75 på 0,613 mill. kroner,
- kap 1731, post 01 på 35,854 mill. kroner,
- kap 1732, post 01 på 1,083 mill. kroner,
- kap 1733, post 01 på 18,252 mill. kroner,
- kap 1734, post 01 på 3,256 mill. kroner,
- kap 1791, post 01 på 1,957 mill. kroner,
- kap 1795, post 01 på 10,099 mill. kroner,
- kap 1795, post 72 på 0,090 mill. kroner,

Totalt meirforbruk var på 73,595 mill. kroner og midla vil verte dekte ved at ramma for 2000 vert foreslått redusert tilsvarende, fordelt som på kapitla ovanfor.

1.2.2 Netto mindreinntekter i 2000

I forhold til inntekter løyvde i Blå bok 2000 vert det foreslått ei netto mindreinntekt (brutto meirinntekter minus mindreinntekter) på 225,523 mill. kroner. Desse mindreinntektene vert foreslått dekkja ved ein reduksjon av løyvinga for 2000. Meirinntekter vert foreslått tillagt ramma under tilvising til vedtakspost IV i St. prp. nr. 1 (1999-00) som gir Forsvaret ein generell meirinntektsfullmakt for alle inntekter under Forsvarsdepartementet, unnateke militære bøter og inntekter frå refusjonar i samband med internasjonale fredsopearasjonar. Meirinntekt grunna refusjonar frå FN utgjer 34 mill. kroner. Dette er refusjonar i samband med operasjonar frå tida før unntaket om inntekter i samband med internasjonale operasjonar, vart lagt inn i meirinntektsfullmakta omtala ovanfor.

1.2.3 Tilleggsloyving i 2000

Midlar overførte utover 2-års regelen i bevilgningsreglementet

I samband med forklaringane til statsrekneskapen viste det seg at løyvingane til avgangsstimulerande tiltak på kap. 1731, post 72 for åra 1998 og 1999 i sin heilskap er omfordelte i samband med omgrupperingsproposisjonana, og at midlar frå løyvinga i 1997 er overført til 2000. Dette er i strid med «bevilgningsreglementet» § 7 b, og Forsvaret har vore nøydd til å justere ned det overførte beløpet frå 1999-2000 på 2,568 mill. kroner på kap. 1731 post 01. Fordi midla i si tid vart tatt frå post 01 for å finansiere avgangsstimulerande tiltak på post 72, vert midlane no søkt løyvde på nytt til post 01 under same kapitlet.

Manglande stikkord «kan overførast» i Blå bok

I samband med overføringane frå 1999 til 2000 vart det inndrege 1,853 mill. kroner frå kap. 1795 post 60 då posten ikkje fekk stikkordet «kan overførast». Stikkordet står i Forsvarsdepartement sin eigen proposisjon, men vart ved ein inkurie utegløymt frå Blå bok 1999. Midlane var forutsett løyvde som eit tilskot til Kråkvåg i 2000 og er difor søkt løyvde på nytt til kap. 1795 post 60.

1.2.4 Midlar ført attende til statskassen

Det er for 2000 foreslått å føra tilbake til statskassen 33,9 mill. kroner i samband med mindreutgifter på kap. 1792 Norske styrker i utlandet. Mindreutgifta fordeler seg jevnt over dei ymse utgiftskategoriane på kapitlet og vert, sidan midlane vart løyvde i tillegg til ordinær ramme, foreslått ført tilbake til statskassen.

1.3 Det økonomiske grunnlaget for omgrupperingsproposisjonen

1.3.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperingane er vedteke budsjett (Blå bok) for 2000 og seinare løyvingsendringar som Stortinget har vedteke, fullmakter gitt av Stortinget til Finansdepartementet som ikkje kjem fram som løyvingsendring under dei einskilte departementa og midlar ført over frå 1999. Det er og teke omsyn til Forsvarets del av lønskompensasjon for 2000 som var på 210,647 mill. kroner.

I 2000 er det for forsvarsbudsjettet sett i verk faktiske løyvingsendringar ved følgjande:

- St. prp. nr. 44 (1999-00), jf. Innst. S. nr. 190 (1999-00), «Deltagelse og finansiering av norsk militært bidrag på Balkan for 2000» medførte å auka utgiftsramma med 1 289 mill. kroner.
- St. prp. nr. 61 (1999-00), jf. Innst. S. nr. 220 (1999-00), «Omprioriteringer og tilleggsbevilgninger på Statsbudsjettet 2000» medførte å redusere utgiftsramma med 500 mill. kroner.
- St. prp. nr. 84 (1999-00), jf. Innst. S. nr. 254 (1999-00), «Om endringer i regulativ for tillegg mv til utskrevne vernepliktige mannskaper» medførte ein rammeauke på 15,617 mill. kroner.

Tabell 1.1: Faktisk løyving på utgiftssida før omgruppering 2000 kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Blå bok 2000	25 349 299
Tillegg nr. 1, St. prp. nr. 1 (1999-00)	-108 698
Innst. S. nr. 190 (1999-00)	1 289 000
Innst. S. nr. 220 (1999-00)	-500 000
Innst. S. nr. 254 (1999-00)	15 617
= Faktisk løyving før omgruppering	26 045 218
Midlar ført over frå 2000	656 422
Lønnskompensasjon for 2000	210 647
Disponible midlar i 1999 før omgruppering	26 912 287

Tabell 1.2: Disponibel løyving på inntektssida før omgruppering 2000 kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Blå bok 2000	809 570
= Løyving før omgruppering	809 570

Tabell 1.3: Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner):

Nedtrekk grunna meirforbruk i 1999	-73 595
Midlar ført attende til statskassen	-33 900
Reduksjon utgifter grunna netto mindreinntekter	-225 523
Tilleggsloyvingar i 2000	4 421
= Sum behov ved omgrupperinga	-328 597
+ Løyving før omgruppering	26 045 218
= Total løyving etter omgrupperinga	25 716 621

Tabell 1.4: Løyvingsbehov på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1000 kroner):

Løyving før omgruppering	809 570
Netto mindreinntekter	-225 523
= Sum behov ved omgrupperinga	584 047

Departementet foreslår på denne bakgrunn, under forslag til vedtak, at løyvingane vert endra med ein reduksjon på 328,597 mill. kroner på utgiftsramma og ein reduksjon på 225,523 mill. kroner på inntektsramma.

1.3.2 Endringar i postnummereringa

I samband med utarbeidinga av St. prp. nr. 1 (1999-00) var det forutsett å endra to postar med same nummerering, men med ulik nemning. Dette var gjort i Forsvarsdepartementet sin proposisjon, men vart ved ein feil ikkje tatt med i Finansdepartementet si «Blå bok». Forsvarsdepartementet foreslår difor at postane vert endra i samsvar med det som vart lagt fram i Forsvarsdepartementet sin eigen proposisjon. Departementet forutset i den samanheng at

«gamle» overføringer på postane vert ført vidare til dei nye postane. I tabellen under pkt. 1.3.3 er oversikten over dei einskilte omdisponeringane gjort i den nye poststrukturen. Nedanfor følgjer endringane;

- Tidlegare post 75 på kap. 1719 vert foreslått endra til post 78
- Tidlegare post 72 på kap. 1725 vert foreslått endra til post 74

1.3.3 Utgifter

Tabell 1.5: (i 1 000 kroner)

		Mindreutg -
Post	Formål	Meirutg +
01	Driftsutgifter	74 448
21	Spesielle driftsutgifter	5 769
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	-20 000
45	Store nyskaffingar	-20 250
47	Nye bygg og anlegg	-119 495
48	Fellesfinansierte bygg og anleggsarbeid	-200 000
50	Overføringer til statsinstitusjonar	-15 600
60	Tilskot til kommunar	1 853
70	Rentestønad	-750
71	Overføringer til andre	500
72	Overføringer til andre	60
74	Avgongsstimulerande tiltak	-6 129
75	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, Noregs tilskot til infrastrukturprogrammet i NATO	-33 390
78	Noregs tilskot til NATOs driftsbudsjett	-613
90	Lån til private	-1 000
92	Lån til private	6 000
Sum		-328 597

1.3.4 Inntekter

Tabell 1.6: (i 1 000 kroner)

		Mindreutg -
Post	Formål	Meirutg +
01	Driftsinntekter	13 800
11	Salsinntekter	36 908
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	-34 400
17	Refusjon lærlingar	-2 340
45	Store nyskaffingar	22 750
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsinntekter	-260 599
70	Renteinntekter	-308
90	Lån til bustadformål	-1 334

Tabell 1.6: (i 1 000 kroner)

Sum	225 523
-----	---------

Tala i tabellane ovanfor syner netto endringar på dei ulike postane. Utgiftstabellen er inklusiv fordeling av netto mindreinntekter.

2 Hovudtrekk i omdisponeringane og forklaringar på dei største utgifts- og inntektsendringane på postnivå

2.1 Utgifter

2.1.1 Post 01 Driftsutgifter

Postane 01 er foreslått netto auka med 74,448 mill. kroner. Meirbehover er dekt ved at midler er flytta frå investeringskapilet og ved meirinntekter. At posten har behov for å styrkas skuldast i hovudsak dei høge drivstoffprisane og den høge valutautviklingen på dollar. Følgjande vesentlege endringar er gjort;

Kap 1720 Felles ledelse og kommandoapparat

Kapitlet har eit totalt meirbehov på 86 mill. kroner. Auken skuldast m.a. 32 mill. kroner til finansiering av Combined Air Operation Centre (CAOC), 11,5 mill. kroner i meirbehov ved Forsvarskommando Sør-Norge (FKS), 8,5 mill. kroner i meirbehov ved Militærmisjonen i Brüssel og 34 mill. kroner som er tilført frå andre kapittel for å finansiera ulike tiltak i samanheng med Program ARGUS.

Kap 1725 Fellesinstitusjoner og - utgifter under FO

Kapitlet er foreslått redusert med 166 mill. kroner. Reduksjonen er naudsynt for å dekkje meirbehov på ei rekkje kapitler. Det kan nemnast 32 mill. kroner til å dekkje finansiering av CAOC under kap. 1720, 31 mill. kroner er flytta til materiellinvesteringar, 21 mill. kroner er for å dekkje mindreinntekter under kap. 4725, 20 mill. kroner er tilført ulike kapitler til dekning av utgifter for lærlingar og 10 mill. kroner er tilført kap. 1795 i samanheng med meirforbruk ved LFM Akershus i 1999.

Kap 1731 Hæren

Kapitlet er foreslått redusert med 76 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak dekking av eit meirforbruk i 1999 på 35 mill. kroner, nedtrekk i samanheng med Program ARGUS og tilførsel av midlar til kap. 1760, post 45.

Kap 1732 Sjøforsvaret

Kapitlet er foreslått redusert med 30,5 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak 30 mill. kroner som er flytta til kap. 1760, post 01 i samanheng med prosjektgjennomføringskostnader til Prosjekt 6088 Nye fregatter og 10 mill. kroner som er omdisponert frå kap. 1725 for dekking av meirbehov ved lærlingar og innbetaling i samanheng med førtidspensjonering.

Kap 1733 Luftforsvaret

Kapitlet er netto foreslått tilført 124 mill. kroner. Meirbehovet har i all hovudsak oppstått grunna dei høge drivstoffprisane og kursen på dollar. Midlane vil verta brukte til å kjøpe forhåndslagra drivstoff frå USA og til å etterfylle for tæring på reservedelslagre.

Kap 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg

Kapitlet er under post 01 foreslått auka med 126 mill. kroner. Auka skuldast ei teknisk omdisponering av midlane frå ei rekkje kapittel for syna faktiske prosjektkostnader under same kapitlet som investeringane vert gjennomført.

Kap 1790 Kystvakten

Kapitlet er foreslått auka med 30 mill. kroner. Auka skuldast i hovudsak midlar til dekking av auka drivstoffprisar og til drift og vedlikehald av Lynx-helikoptra.

Kap 1792 Norske styrkar i ulandet

Posten er foreslått redusert med 34 mill. kroner. Midlane skuldast mindrebehov på løyvingane til internasjonale operasjonar, og er foreslått ført attende til statskassen.

2.1.2 Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten er foreslått auka med 5,769 mill. kroner.

2.1.3 Post 45 Store nyskaffingar

Posten er netto foreslått redusert med 20,250 mill. kroner.

Hovudendringar: 26 mill. kroner er omdisponert frå kap. 1760 til styrking av forsvarsgreinene sine driftsbudsjett. 22,75 mill. kroner er tilført posten frå på kap. 4760 post 45 grunna meirinntekter ved sal av materiell og konvensjonalbøter. 100 mill. kroner er tilført frå post 47 i samband med tilbakebetaling av «lån» og finansiering av nedtrekk på 500 mill. kroner ved revidert nasjonalbudsjett. 35 mill. kroner er tilført frå kap. 4792 post 11 grunna meirinntekter ved refusjonar frå FN, beløpet er etterslep i samband med tidlegare norsk deltaking i FN-operasjonar. 39 mill. kr er tilført frå diverse kapittel i samband med program ARGUS. Midla skal nyttast til investeringane Soldat 2000, ABC-analyseverktøy og lett feltradio i HV.

154 mill. kroner er flytta til kap. 1733 post 01 grunna auka drivstoffprisar og kjøp av førehandslagra drivstoff og auka kostnader som følgje av auka dollarkurs. 42,1 mill. kr er foreslått flytta til kap. 1760 post 01 for finansiering av gjennomføringskostnader i samband med fregattprosjektet.

Grunna dei høge drivstoffprisane og den høge valutakursen på dollar, har det vore naudsynt med store overføringar til driftsbudsjettet, særskilt til Luftforsvaret sitt kapittel. Planlagte materiellinvesteringar har og vorte dyrare grunna den høge dollarkursen. Alt dette har ført til at Forsvaret har måtta skyva i tid på materiellprosjekt.

2.1.4 Post 47 Nye bygg og anlegg

Posten er foreslått redusert med 119,5 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak at 100 mill. kroner er flytta til post 45 for å styrkja materiellinvesteringar etter nedtrekket på 500 mill. kroner i samband med Revidert nasjonalbudsjett, og i samband med oppdekking av mindreinntekter på kap. 4760, post 48 Fellesfinansierte byggje- og anleggsinntekter.

2.1.5 Post 48 Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid

Posten er foreslått redusert med 200 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak at framdrifta på fleire av NATO sine investeringsprogram i Noreg er forseinka. Dette gjeld særskilt prosjekt SINDRE I som omfattar oppgradering av tre luftvarslingsradarar. Årsaken til forseinkingane er at oppgradering av eksisterande utstyr har vist seg å vere teknisk svært komplisert og ressurskrevjande .

2.1.6 Post 50 Overføring til Statens pensjonskasse

Posten er foreslått redusert med 15,6 mill. kroner. Reduksjonen skuldast færre førtidspensjoneringar enn det var føreset.

2.1.7 Post 60 overføringar til kommunar

Posten er foreslått auka med 1,853 mill. kroner. I samband med overføringane frå 1999 til 2000 vart det inndrege 1, 853 mill. kroner frå kap. 1795 post 60 då posten ikkje fekk stikkordet «kan overførast». Stikkordet står i Forsvarsdepartement sin eigen proposisjon, men vart ved ein inkurie utegløymt frå Blå bok 1999. Midlane var forutsett løyvde som eit tilskot til Kråkvåg i 2000 og er difor søkt løyvde på nytt til kap. 1795 post 60.

2.1.8 Post 70 Renter låneordning

Posten er foreslått redusert med 0,75 mill. kroner. Reduksjonen skuldast retur av dividende og ingen utbetaling av garantiansvar.

2.1.9 Post 72 Overføringar til andre

Posten er foresått auka med 0,06 mill. kroner til dekking av tilskudd til Theta-museet i Bergen.

2.1.10 Post 74 Avgongsstimulerande tiltak

Posten er foreslått redusert med 6,129 mill. kroner. Dette skuldast lavare utgifter ved avgongsstimulerande tiltak enn venta.

2.1.11 Post 75 Fellesfinansierte bygge- og anleggsarbeid

Posten er foreslått redusert med 33, 390 mill. kroner. Dette skuldast at Noreg sitt tilskot til NATO sitt investeringsprogram blir lavare enn budsjettert fordi investeringstakten i alliansen totalt sett har blitt lågare enn det låg an til. Noreg sin del av investeringsprogrammet blir dermed også lågare.

2.1.12 Post 78 Noregs tilskot til NATO sitt driftsbudsjett

Posten er foreslått redusert med 0,613 mill. kroner. Midlane vil verta tilbakeført til statskassen som følgje av eit meirforbruk i 1999.

2.1.13 Post 90 Lån til private

Posten er foreslått redusert med 1 mill. kroner. Reduksjonen skuldast at det ikkje har vore utbetalingar av forskot så langt i året.

2.1.14 Post 92 Lån til private

Posten er foreslått løyvd med 6 mill. kroner. Forsvarsdepartementet vart i samband med handsaminga av St. prp. nr. 58 (1999-2000), jf. Innst. S. nr. 238 (1999-2000) gjeve fullmakt til å yta eit rentefritt lån på 6 mill. kroner til Stiftelsen norsk museum for fotografi - Preus fotomuseum.

2.2 Inntekter

2.2.1 Post 01 Driftsinntekter

Posten er foreslått netto auka med 13,8 mill. kroner.

Dette skuldast meirinntekter ved Forsvarets tele og datateneste ved refusjon frå UD for utgifter i samband med støtte Kosovo Verification Mission og meirinntekter ved Institutt for Forsvarsstudier.

2.2.2 Post 11 Salsinntekter

Posten er foreslått netto auka med 36,9 mill. kroner.

Dette skuldast i hovudsak meirinntekter ved refusjonar frå FN. Beløpet er etterslep i samband med tidlegare norsk deltaking i FN-operasjonar.

2.2.3 Post 15 Refusjon frå arbeidsmarknadstiltak

Posten er foreslått redusert med 34,4 mill. kroner.

Reduksjonen kjem som følgje av at det ikkje skal budsjetterast på refusjonspostane 15-18.

2.2.4 Post 17 Refusjon lærlingar

Posten er foreslått redusert med 2,34 mill. kroner.

Reduksjonen kjem som følgje av at det ikkje skal budsjetterast på refusjonspostane 15-18.

2.2.5 Post 45 Store nyskaffingar - inntekter

Posten er foreslått auka med 22,75 mill. kroner.

Dette skuldast meirinntekter ved sal av materiell og konvensjonalbøter. kap. 1760 post 45 er auka tilsvarande.

2.2.6 Post 48 Fellesfinansierte byggje og anleggsinntekter

Posten er foreslått redusert med 260,599 mill. kroner. Dette skuldast mindreinntekter i samband med refusjonar frå NATO til dekking av utgifter til investeringsprogrammet i Noreg.

2.2.7 Post 70 Renter låneordning

Posten er foreslått redusert med 0,308 mill. kroner.
Reduksjonen skuldast lavt rentenivå.

2.2.8 Post 90 Lån til bustadformål

Posten er foreslått redusert med 1,334 mill. kroner.
Reduksjonen skuldast lavere innbetaling av lån/innløyising av lån enn forvent.

3 Spesielle saker

3.1 Bestillingsfullmakter

Kap 1733 Luftforsvaret

Bestillingsfullmakter på post 01 vert foreslått auka med 365 mill. kroner til totalt 1 325 mill. kroner på grunn av meirbehov på materiell drift. Meirbehovet skuldast auka dollarkurs.

Kap 1734 Heimevernet

Bestillingsfullmakter på post 01 vert foreslått redusert med 25 mill. kroner til totalt 0 mill. kroner på grunn av at alle større innkjøp blir foretatt som horisontal samhandel mellom HV og Hæren ved HFK.

Kap 1760 Nyanskaffelse av materiell, bygg og anlegg

Bestillingsfullmakter på post 01 vert foreslått løyvd med 280 mill. kroner til totalt 280 mill. kroner som er investeringsrelaterte gjennomføringskostnader i samband med prosjekt 6088 Nye fregattar.

Dei foreslåtte bestillingsfullmaktene for 2000 er forventa innfridde i:

År 2001 med 29 mill. kroner

År 2001 med 29 mill. kroner

År 2003 med 29 mill. kroner

År 2004 med 39 mill. kroner

Seinare år med 154 mill. kroner

Kap 1790 Kystvakta

Bestillingsfullmakter på post 01 vert foreslått redusert med 43 mill. kroner til totalt 23 mill. kroner grunna generelt berekna mindrebehov.

Kap 1791 Redningshelikoptertenesten

Bestillingsfullmakter på post 01 vert foreslått redusert med 14 mill. kroner til totalt 38 mill. kroner grunna generelt beregna mindrebehov.

3.2 Omgruppering av 35 mill. kroner frå kap. 4792 post 11 til kap. 1760 post 45

Forsvaret har motteke ca 35 mill. kroner som inntekter hittil i 2000 på kap. 4792. To mill. kroner av desse er inntekter frå sal av materiell i samband med avvikling av SFOR, og tilbakebetaling frå andre deltakarnasjonar i samband med «cost sharing». Det resterande beløpet er mottekne refusjonar frå FN som tilbakebetaling av tidlegare utgifter i samband med norsk deltaking i FN-operasjonar. Hovuddelen av refusjonane er refusjonar for slitasje av norsk

eigd materiell som er nytta i FN. Regjeringa foreslår å omgruppere 35 mill. kroner til kap. 1760, post 45 materiellinvestering. Midla skal nyttast til generelt vedlikehald og gjenskaffing av materiell i Forsvaret som har vore eller kan bli nytta i internasjonale operasjonar.

3.3 Rentefritt lån til Stiftelsen Norsk museum for fotografi - Preus fotomuseum

Forsvarsdepartementet vart i samband med handsaminga av St. prp. nr. 58 (1999-2000), jf Innst. S. nr. 238 (1999-2000) gjeve fullmakt til å yta eit rentefritt lån på 6 mill. kroner til Stiftelsen Norsk museum for fotografi - Preus fotomuseum. Romertallsvedtak nr. VI i nemnde innstilling er som følgjer:

«Forsvarsdepartementet gis fullmakt til å yte et rentefritt lån på 6 mill. kroner til Stiftelsen Norsk museum for fotografi - Preus fotomuseum i inneværende år som beskrevet i kap. 9 i St. prp. nr. 58 (1999-2000). Lånet ytes over kap. 1795, post 92, mot at det refunderes med 1 mill. kroner pr år i de derpå følgende seks år».

Forsvarsdepartementet foreslår med bakgrunn i ovannemnde og i eining med føresetnaden i vedtaket, at det vert omdisponert 6 mill. kroner frå kap. 1760, post 47 til ny post 92 Lån til private på kap. 1795.

3.4 Overføring av Storm-klasse MTBar til Latvia og Litauen

Noreg har tidlegare donert ein MTB av Storm-klasse til kvart av dei baltiske landa. Etter at dei gjenverande MTBane i denne klassen vart utfasa den 31. desember 1999, har Latvia og Litauen uttrykt ønskje om å overta ytterlegare tre båtar kvar.

Då dei vart utfasa var båtene korkje seilingsdyktige eller operasjonelle. Noreg stilte derfor som krav at det skulle gjennomførast ein oppgradering til eit minimumsnivå for sikker segling og operasjonell evne før fartøya kunne overførast. Vidare var det ein føresetnad at kostnadene ved oppgradering skulle dekkjast av mottakarlanda. Oppgraderinga vil finne stad ved Sjøforsvarets forsyningskommando.

Det innleiande arbeidet med «Memorandum of Understanding» for oppgradering og overføring av fartøya, har no byrja. Noreg og mottakarlanda er så langt blitt einige om at ein av dei tre båtene som kvart land får tilbod om, skal leverast som reservedelsbåt. Leveringa av reservedelsbåt skjer kostnadsfritt ved kai på Haakonvern. I dette inngår også tilbod om å overta av ein logistikkpakke som inneheld reservedelar og ammunisjon. Oppgradering og levering av fire fartøy vil totalt kosta ca. 9,5 mill. kroner. Oppgraderinga vil skje innan rammen av tildelte middel på kap. 1732, i hovudsak i løpet av 2001, men med oppstart i 2000. Av hensyn til behovet for å innpasse anskaffelsen i planverket til mottakarlanda, legges det til grunn at betaling skal skje innan 2002.

For ikkje å belaste Sjøforsvarets ordinære drift, vert 9,5 mill. kroner overført av ledige midlar på kap. 1725, post 01 til kap. 1732, post 01. Midlane vert ført vidare til 2001, eventuelt til 2002 avhengig av korleis framdrifta med oppgraderingsarbeidet går.

3.5 Drivstoffprisar og valutaendringer i 2000 budsjettet - konsekvensar for flytimenivå

Det planlagde nivået for flytimar for F-16 i 2000 må reduserast. Høge drivstoffprisar og høge valutakurser har gjort det vanskeleg å gjennomføra det planlagde nivå på 11.600 timar. For at flytimeproduksjonen skal kunna haldast på eit minimum av 9.500 timar, er det i omgrupperinga foreslått tilført Luftforsvaret 155 mill. kroner frå materiellinvesteringar. Av desse midlane er 25 mill. kroner øyremerkta flytimeproduksjon for F-16, mens det resterande er naudsynt for å etterfylle lager til eit minimum.

Ved oppretthaldinga av dette flytimenivået vil Forsvaret kunna ivareta våre IRF- og Quick Reaction Alert (QRA) forpliktelsar. Med dette tiltaket unngår vi at flya vert sett på bakken, men ein del flygarar vil etter kvart kunna miste sin kampklare status grunna manglande flytid, om situasjonen ikkje vert normalisert.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringer i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2000.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringer i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2000 i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2000

I

I statsbudsjettet for 2000 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap	Pos t	Formål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	1 500 000
		frå kr. 129 611 000 til 131 111 000	
1710		Fellesinstitusjoner og statsforetak under FD	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	2 779 000
		frå kr 419 349 000 til kr 422 128 000	
	70	Rentestønad, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	750 000
		frå kr 7 500 000 til kr 6 750 000	
	90	Lån til private, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	1 000 000
		frå kr 1 000 000 til kr 0	
1719		Fellesutgifter under FD	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	5 300 000
		frå kr 16 657 000 til kr 11 357 000	
	43	Til disposisjon for FD, vert redusert med	20 000 000
		frå kr 20 000 000 til kr 0	
	71	Overføringar til andre, vert auka med	500 000
		frå kr 48 478 000 til kr 48 978 000	
	78	Noregs tilskot til NATO sitt driftsbudsjett, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	613 000
		frå kr 97 000 000 til kr 96 387 000	
1720		Felles leining og kommandoapparat	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	86 484 000
		frå kr 1 041 212 000 til kr 1 127 696 000	
1725		Fellesinstitusjonar og utgifter under FO	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	175 822 000
		frå kr 1 188 393 000 til kr 1 012 571 000	

	50	Overføringar til statsinstitusjonar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	15 600 000
		frå kr 106 846 000 til kr 91 246 000	
	74	Avgongsstimulerande tiltak, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	6 129 000
		frå kr 10 176 000 til kr 4 047 000	
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	56 094 000
		frå 4 696 321 000 til kr 4 640 227 000	
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	23 506 000
		frå kr 2 853 189 000 til kr 2 829 683 000	
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	123 667 000
		frå kr 3 717 026 000 til kr 3 840 693 000	
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	9 362 000
		frå kr 711 882 000 til kr 702 520 000	
1735		Forsvarets etterretningsteneste	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert auka med	5 769 000
		frå kr 535 335 000 til kr 541 104 000	
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	126 480 000
		frå kr 340 067 000 til kr 466 547 000	
	45	Større utstyrskaffingar, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	20 250 000
		frå kr 5 130 745 000 til kr 5 110 495 000	
	47	Nye bygg og anlegg, <i>kan overførast, kan nyttast under kap 1760 postane 11 og 44</i> , vert redusert med	119 495 000
		frå kr 1 121 020 000 til kr 1 001 025 000	
	48	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, fellesfinansiert del, <i>kan overførast</i> , vert redusert med	200 000 000
		frå kr 356 154 000 til kr 156 154 000	
	75	Fellesfinansierte bygg- og anleggsarbeid, Noregs tilskot til infrastrukturprogrammet i NATO, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 44</i> , vert redusert med	33 390 000
		frå kr 183 165 000 til kr 149 775 000	
1790		Kystvakta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	30 318 000
		frå kr 532 530 000 til kr 562 848 000	
1791		Redningstenesta	
	01	Driftsutgifter, vert auka med	12 843 000
		frå kr 187 218 000 til kr 200 061 000	
1792		Norske styrkar i utlandet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	33 900 000

St.prp. nr. 11

Om endringer i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2000

17

		frå kr 2 142 831 000 til kr 2 108 931 000	
1795		Kulturelle og allmenntilgjengelige formål	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med	5 639 000
		frå kr 126 773 000 til kr 121 134 000	
	60	Tilskot til kommunar, vert auka med	1 853 000
		frå kr 5 875 000 til kr 7 728 000	
	72	Overføringar til andre, <i>kan overførast</i> , vert auka med	60 000
		frå kr 920 000 til kr 980 000	
	92	Lån til private, vert løyvd med	6 000 000
		frå kr 0 til kr 6 000 000	

Inntekter:

Kap	Pos t	Formål	Kroner
4710		Fellesinstitusjonar og statsforetak under FD	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	11 500 000
		frå kr 31 962 000 til kr 43 462 000	
	11	Salsinntekter, vert auka med	1 500 000
		frå kr 13 104 000 til kr 14 604 000	
	70	Renter låneordning, vert redusert med	308 000
		frå kr 2 544 000 til kr 2 236 000	
	90	Lån til bustadformål, vert redusert med	1 334 000
		frå kr 6 618 000 til kr 5 284 000	
4725		Felles leing og kommandoapparat	
	01	Driftsinntekter, vert auka med	2 300 000
		frå kr 2 841 000 til kr 5 141 000	
	11	Salsinntekter, vert auka med	408 000
		frå kr 34 573 000 til kr 34 981 000	
	15	Refusjon arbeidsmarkedstiltak, vert redusert med	20 834 000
		frå kr 20 834 000 til kr 0	
4731		Hæren	
	15	Refusjon arbeidsmarkedstiltak, vert redusert med	13 566 000
		frå kr 13 566 000 til kr 0	
	17	Refusjon lærlingar, vert redusert med	2 340 000
		frå kr 2 340 000 til kr 0	
4760		Nyskaffingar av materiell og nye bygg og anlegg	
	45	Store nyskaffingar, vert løyvd	22 750 000
		frå kr 0 til kr 22 750 000	
	48	Fellesfinansierte byggje og anleggsinntekter, vert redusert med	260 599 000
		frå kr 355 135 000 til kr 94 536 000	
4792		Norske styrkar i utlandet	

11	Salsinntekter, vert auka med	35 000 000
	frå kr 0 til kr 35 000 000	

II

Meirinntekter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet for 2000 kan nytte meirinntekter, med tilknytning til refusjonar frå FN, på kap. 4792 Norske styrkar i utlandet, postane 01 og 11 til større utstyrscaffingar på kap. 1760, post 45.

III

Postendringar

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet kan endra post 72 Avgongsstimulerande tiltak under kapittel 1725 til post 74 Avgongsstimulerande tiltak, og post 75 Noregs tilskot til NATO sitt driftsbudsjett under kap. 1719 til post 78 Noregs tilskot til NATO sitt driftsbudsjett. Likeeins at overføringar frå 1999 ført til dei gamle postnummera kan overførast til dei nye postane.

IV

Overføring av Storm-klasse MTBar til Latvia og Litauen

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet kan overføra 3 Storm-klasse MTBar kvar til Latvia og Litauen, mot at oppgraderingskostnadene på 9,5 mill. kroner vert betalt av mottakarlanda, men fyrst i 2001-2002.

V

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet kan endre bestillingsfullmaktene slik:

Kap 1731, post 01 vert auka med	510 000 000
frå kr 1 190 000 000 til kr 1 700 000 000	
Kap 1733, post 01 vert auka med	365 000 000
frå kr 960 000 000 til kr 1 325 000 000	
Kap 1734, post 01 vert redusert med	25 000 000
frå kr 25 000 000 til kr 0	
Kap 1760, post 01 vert auka med	280 000 000
frå kr 0 til kr 280 000 000	

St.prp. nr. 11

19

Om endringer i løyvingar mv. i forsvarsbudsjettet for 2000

Kap 1790, post 01 vert redusert med	43 000 000
frå kr 66 000 000 til kr 23 000 000	
Kap 1791, post 01 vert redusert med	14 000 000
frå kr 52 000 000 til kr 38 000 000	
